

RS - sakDato: 17.11.2016
Arkivsak: 2015/5147-7
Saksbehandlar: bjomidt

Masfjordbrua - status for tekniske forprosjekt

Fylkesrådmannen viser til FUV melding 94/16, handsama i møte i fylkesutvalet 23.6.2016. I meldinga vart det vist til at Statens vegvesen vil koma med ei tilråding til Hordaland fylkeskommune og Masfjorden kommune om val av brutype, som grunnlag for eventuelt vidare arbeid med realisering av fjordkryssinga. Vidare vart det opplyst om at Statens vegvesen legg opp til at det teknisk/økonomiske forprosjektet skal ligga føre i løpet av 2016.

Det er utarbeidd tre konsept for brutype som er levert til konseptkontroll i Vegdirektoratet, og som skal kostnadsreknast:

- Hengebru, utarbeida av Bruavdelinga i Vegdirektoratet
- Flytebru inkludert vippebru i Duesundet, utarbeida av Johs Holt AS
- Flytebru med siglingsopning midtfjords, utarbeida av LMG Marin AS

Fylkesrådmannen viser her til det vedlagde notatet frå Statens vegvesen, der det vert opplyst at arbeidet er forseinka. Fylkesrådmannen vil leggja fram sak om teknisk/økonomisk forprosjekt for Masfjordsambandet så snart det vert oversendt frå Statens vegvesen.

Vedlegg

- 1 Notat frå Statens vegvesen - Masfjordbrua/Masfjordsambandet